

15. august 2015

Kommentarar til høyringsuttalane

1. Valle kommune har berre positive kommentarar til utbygginga, så det trengst ikkje kommenterast herfrå.
2. Fylkesmannen i Aust-Agder går i første rekkje inn på vassforskrifta. Dette berører nok lite Uppstad kraftverk, der alt vatn går rett i den eksisterande tunnelen til Otra Kraft DA, heller ikkje fylkesmannens generelle kommentar om innlandsaure, eller om bleka eller om ål, eller om friluftsinntak. Difor er det naturleg at fylkesmannen ikkje har spesielle innvendingar i høve til Uppstad kraftverk.
3. Aust-Agder fylkeskommune tilrår utbygging av Uppstad kraftverk, basert på at fylkeskommunen finn lite å innvende på tiltaket.
4. Statens vegvesen har ingen innvendingar til Uppstad kraftverk.
5. Direktoratet for mineralforvaltning er opptatt av mineraler og grus og pukk og syner til sine databasar. Der finn vi ikkje noko nytt i forhold til desse aspekta. Direktoratet har difor heller ikkje innvendingar til tiltaket.
6. Agder Forum for natur og friluftsliv (DNT Sør og NJFF Aust-Agder) uttalar at det ikkje er omtala anleggs-/driftsveg til inntaket. Her misforstår dei søknadens ordlyd: driftsvegen vert laga parallellt med røygata, søknadens pkt 2.2: «Det finst i dag ein bilveg opp til demninga der kraftstasjonen vert plassert. Tilkomstveg vidare opp til inntaket vert på den anleggsvegen som leggst i utbyggingsfasen.» Turistforeininga og Jeger- og fiskerforbundet er vidare opptekne av om «grunnvannsressursene» er kartlagde og om dei ev. vert ramma, noko som herfrå synest nokså spuriøst, likeså deira tilsynelatande omsut for ras, flaum og erosjon.
7. Otra Kraft DA er positiv til tiltaket, men har eit par innvendingar/atterhald. Det eine atterhaldet er deira ønskje om å dele kostnadene for vegvedlikehaldet, der Otra Kraft like godt tek med heile vegstrekninga frå Uppstad-grenda og opp til sitt tunnelinntak/demning. Otra Kraft har i dag dette vedlikehaldet, etter vedtak i jordskifteretten for nokre år sidan, med unntak for den ca 300 meter lange «stikkvegen» (traktorvegen) opp til tunnelinntaket/demninga. Denne «stikkvegen» ligg på utbyggjarane sin grunn, og vil nok bli ei forhandlingssak mellom Otra Kraft DA og Uppstad Kraftverk AS, ev. ei jordskiftesak. Det andre atterhaldet er at tiltaket ikkje må medføre graving nær «vangemur» eller «inntakskontruksjon». Det vil naturlegvis ikkje lagt opp til at det skal skje bygging av veg eller kraftstasjon for nær eksisterande infrastruktur slik at det vil medføre fare for skade på Otra Krafts anlegg. Kor mange meter frå Otra Krafts inntaksdam kraftstasjonen bør ligge, bør vurderast nærmare.

Mvh.

For Uppstad Kraftverk AS

Tarald Rike

Uppstad

4748 Rysstad

